

Tilleggsgebyr, lite	2.300,-
G2. Utsleppsløyve	4.000,-
SUM	17.800,-

Vedtak:

Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår :

1. Tiltaket skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteke 17.03.09. Plassering av utsleppsanlegget skal koordinatfestast, **og dokumentasjon skal sendast til kommunen omgåande** (PBL § 70 nr. 1), seinast før det vert gjeve bruksløyve.
2. Med heimel i forskrift om om begrensning av forurensning fastsett 1.6.2004, (forurensningsforskriften), kapittel 12, vert det gjeve utsleppsløyve for typegodkjent, prefabrikkert biologisk og kjemisk minireinseanlegg (klasse 1)- Lisi Sako 6 før utslepp gjennom etterpoleringskum og til drenering på jorda.
Det skal sendast inn avtale om levering og service på minireinseanlegg.
Det vil ikkje verte gjeve bruksløyve før avtale om levering og service på minireinseanlegg ligg føre. Oppheving av serviceavtale medfører bortfall av løyve
Tomta skal knytast til offentleg eller anna felles vass- og avløpssystem og eventuell overvassleidning dersom dette vert utbygt i området. Kommunen gjer merksam på at det kan verta kravd del av refusjon for anleggsutgifter til leidningar for vatn og kloakk.
Storleiken på summen skal fastsetjast av kommunen.
3. Det må verte lagt fram dokumentasjon på at drikkevannet er tilfredsstillande hygienisk trygt - og tilstrekkeleg i samsvar med Pbl § 65., før det vert gjeve bruksløyve.
4. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).
5. Det skal leverast "as built teikningar" av leidningsnettet og utvendige VA-installasjonar ved tilknytting til offentleg leidningsnett, jf sanitærreglementet til Lindås kommune.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	Arbeidsområde	Godkjent føretak
SØK		Composite Consulting AS
PRO/KPR	VVS-arbeid	Composite Consulting AS
UTF/KUT	VVS-arbeid	Composite Consulting AS


Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Kopi til:

- VVA, teknisk drift, her.

Med helsing
Tor Hegle(S)
fagleiar byggesak


Larissa Dahl

avdelingsingeniør